



Tingvoll, 13.7.2022

NVE
nve@nve.no

KLAGE – VEDTAK OM ANLEGGSKONSESJON FOR NYE SANDØY VINDKRAFTVERK

Dykkar ref. 202108001-69

NVE gjorde vedtak 23.6.2022 om anleggskonsesjon for Nye Sandøy vindkraftverk. Dette vedtaket klagar vi på.

Naturvernforbundet arbeidar spesielt med naturmangfald. Vi kan gjere nærare greie for vår klagerett på førespurnad.

I utgangspunktet kunne denne saka sjå ut som det dreia seg om ei vindkraftsak utan store konflikhtar. Det kan framleis hende at inntrykket er rett. Men det er framleis usikkert fordi ein ikkje har gjennomført undersøkingar for å dokumentere dette. I denne saka kunne NVE vise veg for ei ny og betre handsaming av slike saker slik at ein får dei vanskelege sidene av saka utgreidd skikkeleg. NVE greip ikkje sjansen, men held fram som før med for svak handsaming. Det er å be om å få både konflikt og klage.

Då ein for 25 år sidan gjorde det første vedtaket, skulle det ha bygd på vurdering av faktiske tilhøve for fugl. Det kjem fram av konsesjonen som då blei gjeve at kunnskapen var for dårleg på vedtakstidspunktet. Dette skulle i nokon grad reparerast med undersøkingar før vindkraftanlegget blei sett i drift, og etterundersøkingar etter at anlegget var i gang. Altså 3 mogleg høve for å få meir kunnskap, slik at ein ville sitje med meir kunnskap som kunne brukast for dette og andre anlegg i pionertida.

Ingen av undersøkingane blei gjennomført i nokon merkbar grad.

Bakgrunnsdokumentet for konsesjonen for 25 år sidan har gått meir i detaljar om kva som er venta av utbyggar:

NVE mener at en etablering av vindmøller i Breivika, bør følges opp med undersøkelser knyttet til vindmøllers virkning på fugl. Som et grunnlag for slike undersøkelser, skal tiltakshaver før bygging og igangsetting av vindkraftverket, kartlegge fuglelivet i området. Det finnes allerede betydelig kunnskap om fuglelivet på Harøy fra slutten 1960-tallet og frem til i dag, men det er ikke gjennomført en systematisk oppdatering av status fra rapporter fra 1970 og 1980-tallet. For at det skal kunne utføres eventuelle effektstudier i etterkant av at vindkraftverket er bygget, må følgende feltarbeid utføres før vindkraftverket bygges:

- Kartlegging og opptelling av måkekoloniene på Harøy i midten av mai.
- Kartlegging og estimering av hekkebestandene av ender og vadefugl i myrområdene og langs strendene. Dette bør omfatte registrering av territorial vadefugl i mai og andekull i juni.
- Kartlegging og opptelling av hekkende grågås ved registrering av grågåskull i siste halvdel av mai og i juni.
- Kartlegging av hekkeplasser for smålom og havvøm i juni.
- Kartlegging av trekkruiter for gjess, ande- og vadefugl i august-september.

Dette vil kunne kreve 6-8 dagers feltarbeid. NVE mener at dette er et nødvendig vilkår med tanke på at dette vil bli blant de først vindparkene i Norge som plasseres i et område med betydelig fugleliv. Det er viktig at det blir fremskaffet kunnskap som kan brukes i senere undersøkelser av vindmøllers innvirkning på fugl. Sandøy Vindkraft AS skal være ansvarlig for at denne forundersøkelsen gjennomføres og at arbeidet igangsettes umiddelbart. Den videre oppfølging etter etablering av vindparken forutsettes utført i offentlig regi.

Kravet svarar truleg på ei utsegn i same dokumentet: *“Dessuten vil det være vanskelig å forutsi vindmøllenes innvirkning i dette området før de faktisk er bygget.”*

Så kjem vi til slutten av 2021. Det kjem ein ny søknad. Det går fram av søknaden at det ikkje er gjort nye fugleundersøkingar i felt.

Nok ein gong gjer NVE vedtaket sitt ut frå manglande kunnskap, som blir forsøkt reparert med dette, jf. oversendingsdokumentet:

Etter NVEs vurdering er de negative virkningene av tiltaket hovedsakelig knyttet til virkninger for fugl og virkninger for naboer. Det er derfor satt vilkår knyttet til disse temaene.

Verksemda som ikkje følgde opp slike vilkår for 25 år sidan blir tiltrudd at det skal ordne seg no. Kan vi tru at NVE er meir til stades og tvinger dette gjennom alt frå neste år? Eller kjem Statsforvaltaren inn og passer på? Alle saman har på sin CV i denne saka ikkje bestått. Det er altså verkemiddelet for at vi skal ha tiltru til at alt er berre bra.

Viss ein finn ut at fuglane blir så mykje plaga at vindkraftanlegget ikkje skulle ha vore bygd, så kan ein stoppe det, truleg først når det har vore i verksemd i 50 år. Det kjennast trygt og godt at vi i det minste kan rette opp feil fort, viss vi oppdagar dei.

Konklusjonen på fugleundersøkingane som ikkje er gjort er i alle fall at eit svart turbinblad på kvar av turbinane er det aktuelle tiltaket.

Elles merker vi oss tilnærminga når det gjeld påverking av myra. NVE går ut frå at det etter 25 år ikkje vil skje noko meir. Vi meiner at det ikkje er heilt klårt om dette er tilfelle. Etter å ha kartlagd ein del myr dei seinare åra, verkar det som om grøfter har verknad heilt til torvkanten har krympa omtrent til same nivå som grunnvatnet i grøfta. Det som ein gong var planmyr ser ut som høgmyr, sidan kanten langs grøftene søkk fortare enn midten. Spørsmålet er følgjeleg kor mykje grøftingsgjeld det er på myra nord for området, og om det er tiltak som kan redusere verknaden. Vi tykkjer i det minste søkjar og NVE kunne gjort eit aldri så lite forsøk på å dokumentere noko om dette i staden for berre å late som ingenting og håpe alle gløymer å spørje meir.

Vi viser elles til vår fråsegn av 25.11.2021.

Då rammeplanen for vindkraft blei avlyst grunna stor motstand i stort sett alle slags miljø, rekna vi med at det ville vere vesentlege forbetringar i handsaminga av desse sakene viss ein ville prøve seg på nye søknader om konsesjonar. Det vi ser i denne saka viser noko heilt anna. Det ser ut som verken vindkraftnæringa eller NVE har lært noko som helst. Einaste forskjellen frå tidlegare er moglegvis nokre kroner til kommunane som ikkje protesterer.

Konklusjon

Vi ber om at NVE trekker konsesjonen. Når søkjar ikkje har vist vilje til tilstrekkelege undersøkingar av mellom anna fugleliv i området, så må NVE krevje riving og fjerning av anlegget og istandsetting av området innan 1.4.2024.

Naturvernforbundet i Ålesund og omegn og Naturvernforbundet i Møre og Romsdal har avtala arbeidsdeling, slik at vindkraftspørsmål i tidlegare Sandøy kommune blir handsama inntil vidare av fylkeslaget.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær